



Digitale verktøy i matematikkundervisninga



Studiet skal gi deg kompetanse til å kunne bruke digitale verktøy i matematikkundervisninga. Tema er mellom anna kritisk refleksjon over korleis, kvifor og når du kan ta i bruk ulike digitale verktøy, kva den digitale utviklinga har å seie for matematikkfaget og kva kompetanse ein matematikklærer treng i framtida. Studiet har ei avgift på kr. 4000,-

Studieinnhald

Studiet er delt inn i 3 hovuddelar: GeoGebra – med fokus på korleis dette kan brukast i skulen på ulike nivå. Rekneark – med fokus på korleis dette kan brukast i skulen på ulike nivå. Programmering i matematikk og andre digitale ressursar i matematikk. Denne delen vil ha eit hovudfokus mot programmering i matematikkfaget, men vil også ta for seg ein del om ulike appar i matematikk og eventuelt andre digitale ressursar i matematikk.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Emnet byrjar med nettleksjonar, den fyrste vert lagt ut i veke 39. Deretter vil det kome ein ny nettleksjon om lag kvar andre veke. Studiet har ei obligatorisk samling i Volda, denne er lagt til 21.-22. oktober. (Dag 1: 12.00-18.00, dag 2: 09.00-15.00). Vidare fortset emnet med nettleksjonar. Nettleksjonane vil kunne bestå av videoforelesing, arbeidsoppgåver, diskusjonar i forum, lesing av pensum med meir. Kvar nettleksjon vert avslutta med ei lita innleveringsoppgåve knytt til dei temaa vi arbeidar med. Dette kan mellom anna vere ein liten videosnutt der ein løyser ei oppgåve med digitale hjelpemiddel, eit skjermbilete med forklaring eller ein kort refleksjon. Arbeidsoppgåver vil bli relatert til praktisk bruk av digitale verktøy i matematikkfaget i skulen. Vi legg opp til problembaserte og studentaktive arbeidsformer. Studiet startar i månadsskiftet september/oktober, og har eksamensinnlevering i løpet av april. Eksamen: Studenten skal levere ei vurderingsmappe med tre refleksjonsoppgåver (deretter inn og fitt

Studiepoeng / lengd: 15 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning og 30 studiepoeng i matematikk.

Søknadsfrist: i

Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsorvis 70 07 50 18
studentsorvis@hivolda.no